

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
02.01.2024 23/57449- 6 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
06/24	Vestlandsrådet	11.01.2024

Vestlandsrådet - rekneskap 2023 og budsjett 2024

Vestlandsrådet 11.01.2024 - sak 06/24

Behandling

Vedtak:

1. Rekneskapen for Vestlandsrådet 2023 framleggast for godkjenning i neste møte i Vestlandsrådet.
2. Vestlandsrådet vedtek budsjett for 2024 slik det ligg føre i saksframlegget.

Innstilling:

1. Rekneskapen for Vestlandsrådet 2023 framleggast for godkjenning i neste møte i Vestlandsrådet.
2. Vestlandsrådet vedtek budsjett for 2024 slik det ligg føre i saksframlegget.

Bakgrunn

Vestlandsrådet disponerer midlar frå medlemsfylka, og må vedta rekneskapen for eiga verksemd. Samstundes legg fylkesdirektøren til grunn at rådet vedtek budsjett for inntekter og utgifter for året 2024.

Rekneskap 2023

Vestland fylkeskommune hadde leiarskapen av Vestlandsrådet i 2023, og har hatt ansvaret for å føre rekneskapen for verksemda i rådet. Men sidan det første møtet i rådet vert avhalde såpass

tidleg i 2024, er rekneskapen for 2023 ikkje klar til dette møtet, men vil leggast fram for godkjenning i det neste møtet i 2024.;

Rekneskap	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000	
Overførte ubrukne midlar	1 011 083	1 136 615	
Sum inntekter	2 811 083	2 936 615	
Sekretariat	1 000 011	1 000 000	
Møteutgifter Vestlandsrådet	0	131 261	
Nettside, løpande drift – Origin	31 818	20 612	
Nye nettsider		77 500	
NORA - fast årleg medlemsavgift	138 925	0	
Næringsstrategi for Vestlandet	503 712	264 366	
Sum utgifter	1 674 446	1 493 739	
Overskot overført til neste fylkeskommune	1 136.615	1 442 876	

Merknader til dei einskilde postane:

- I tråd med tidlegare praksis er utgifter til sekretariat (løn og andre interne utgifter i vertsfylket) sett til 1 mill kr., utan omsyn til om dei reelle utgiftene er høgare eller lågare.
- Møteutgifter er bevertning, leige av lokale i samband med møta i Vestlandsrådet.
- Vestlandsrådet er medlem i NORA (Nordic Atlantic Cooperation) I 2022 var det ikkje motteke faktura for medlemskontingenten, kontingenten har vore 100.000 DKK.

Budsjett 2024

Fylkesdirektøren legg fram følgjande forslag til budsjett for verksemda i Vestlandsrådet i 2024;

Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett

	2022	2023	2024
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Kontingent næringsstrategi		1 350 000	1 350 000
Overførte ubrukte midlar	1 136 615	1 442 876	1 712 876
Sum inntekter	2 936 615	4 592 876	4 862 876
Sekretariat	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet	200 000	200 000	200 000
Nettside, løypande drift – Origin (Nye nettsider 2022)	50 000 150 000	50 000	60 000
NORA - fast årleg medlemsavgift	140 000	280 000	150 000
Næringsstrategi for Vestlandet	900 000	1 350 000	1 350 000
Sum utgifter	2440 000	2 880 000	2 763 000
Til disposisjon	495615	1 712 876	2 099 876

Merknader til budsjettet:

- Overførte ubrukte midlar frå 2023 er ikkje klart, og talet frå budsjett 2023 nyttast. Dette kan påverke inntektene og midlane som er til disposisjon ved årets slutt, men er ikkje til hinder for å fastsette dei faste inntektene og utgiftene i budsjettet.
- Vestlandsrådet sine inntekter kjem frå ordinær kontingent frå fylkeskommunane, ekstraordinære tilskot i samband med næringsstrategien, samt frå ubrukte midlar frå året før. Dette er foreslått uendra for 2024.
- I samband med iverksettinga av næringsstrategien vedtok Vestlandsrådet i sak 02/2022 å auka kontingenten frå kr 600.000 til kr 1.050.000 frå kvar fylkeskommune med verknad frå 2023. Dette er lagt inn i budsjettet.
- I tråd med tidlegare praksis legg fylkesdirektøren til grunn at vertskommunen får 1 mill kr til sekretariatsutgifter, uavhengig av om dei reelle utgiftene er større eller mindre.
- Utgifter til møter i rådet er avhengig av talet på fysiske møte på hotell. For 2024 er det førebels lagt opp til fire møter, der dei 2 første er foreslått som fysiske møter.
- Ny nettside vart teken i bruk i desember 2022. Lisensutgifter utgjer kr 22.500 pr år. I tillegg må ein rekna med noko opplæring og øvrig bistand til nye brukarar. Ei prisauke på 10.000 er lagt inn.
- Kontingenten til NORA er DKK 100.000, i norsk valuta kr 150.000.

- I tråd med tidlegare vedtak er det sett av kr 1.350.000 til iverksetting av næringsstrategien.

Vurdering

Fylkeskommunedirektøren tilrår at Vestlandsrådet vedtek framlagte budsjett for 2024.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør